

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 21.08.2018

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Rong til eit attraktivt senter. Planen har mål og verkemiddel for å vende staden mot sjøen og gjere Rong sentrum tettare, med miljøgate og eit mangfald av funksjonar og aktivitetar i samsvar med *Regional plan for attraktive senter*.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at planframlegget har mange gode kvalitetar som vil styrke Rong som eit attraktivt senter og ein god stad å bu på. Det er lagt til rette for eit nett av stiar, parkar, møteplassar og kopling mellom sentrum og sjø. Universell utforming er vektlagt. Planen samsvarar også med retningslinjer i *Regional plan for folkehelse*.
3. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at Bustadføremål B8 vil dominere landskapet frå sjøen og ikkje ivareta omsynet til strandsona på ein god måte. Utvalet rår til at føremålet vert trekt lenger unna sjøen, redusert i omfang eller tatt ut av planen.
4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet samtykke til utviding av handel for på Rong slik det er søkt om. Flytting og utviding av handel er innanfor planlagt areal for handel i samband med områdeplan for Rongøy, og omfang handel er i samsvar med senterstruktur og omland. Utvidinga er også i samsvar med Regional plan for attraktive senter og regionale føresegn.